



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 29.05.2026

Vår ref.: 202526049-10 Oppgje ved kontakt

Dykkar ref.:

Sakshandsamar: Sofie Moe Knudsen,

22 95 90 43 / smk@nve.no

Høyring av konsesjonssøknad og detaljplan for kaianlegg i Todalsfjorden

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke konsesjonssøknad frå Statnett SF for bygging av eit kaianlegg og ein ny permanent tilkomstveg i Todalsfjorden i Surnadal kommune i Møre og Romsdal. Vi har òg teke imot forslag til detaljplan for bygging av anlegga.

Søknaden og detaljplanen er tilgjengelege på NVE sine internettsider www.nve.no/25980/A.

Høyringsfråsegn kan sendast til NVE innan 19. juni 2026

Gjennom høyringa av konsesjonssøknaden og detaljplanen ønskjer vi å få høyringsinstansane sine synspunkt på planane, om konsekvensane er godt nok utgreia og forslag til tiltak som kan redusere negative verknader.

Høyringspartar kan sende fråsegn på ein av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på våre internettsider
- via e-post til nve@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202526049 i emnefeltet, og skriv namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli referert i saka. Om fråsegna er lang, oppfordrar NVE høyringspartane til å sjølv skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Fråsegnene er offentlege dokument som vil vere tilgjengelege på internett.

Søknaden

Statnett søker om konsesjon i medhald av energilova for etablering av eit kaianlegg for ilandføring av transformatorar til Surna transformatorstasjon. Tiltaket inneber i hovudsak etablering av ei ny kai i Todalsfjorden og ein om lag 200 meter lang permanent tilkomstveg mellom Todalsvegen (Kommuneveg 6145) og kaianlegget. Tiltaka er illustrert i karta nedst i dette brevet.

Detaljplanen

Detaljplanen som Statnett har utarbeide skildrar korleis anlegget skal byggjast slik at miljø og landskap blir vareteke best mogleg. Normalt blir detaljplanen utarbeidd etter at konsesjon eventuelt er gjeve. For å redusere ledetida for nye nettanlegg, har NVE innført samtidig høring av konsesjonssøknad og detaljplan for enkelte typar anlegg.

Detaljplanen må vere godkjend av NVE før anleggsarbeida kan starte.

Spørsmål om saka?

Opplysningar om NVE si sakshandsaming for søknaden kan de få ved å kontakte NVE v/ Sofie Moe Knudsen, tlf. 22 95 90 43 eller e-post smk@nve.no og for detaljplanen v/ Marte Lundsbakken, tlf. 22 95 90 38 eller e-post many@nve.no. Spørsmål om planane kan de rette til Statnett v/ Lars Olav Nordstoga, tlf. 92 23 44 25 eller e-post lars.nordstoga@statnett.no.

Med helsing

Tor Carlsen
fagleiar


Sofie Moe Knudsen
rådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakarliste:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune
SURNADAL KOMMUNE
NTNU-Vitenskapsmuseet
Fiskeridirektoratet

Kopimottakarliste:



Figur 1: Kaianlegg i Todalsfjorden som viser kai (svart), permanent fylling (oransje), mellombels anleggsplass (gult) og transportveg (grå stipla strek).



Figur 2: Kaianlegg og tilkomst frå Totalsvegen.